

2. (2) Odelstingets presidentskap melder at Odelstinget har konstituert seg og valgt embetsmenn.

Enst.: Nr. 1 og 2 vedlegges protokollen.

Presidenten: Hermed erklæres Norges 117. ordentlige Storting lovlig konstituert.

Presidenten foreslår at underretning om konstitueringen sendes Kongen gjennom Regjeringens sjef for at denne kan innhente Kongens bestemmelse om tiden for Stortingets åpning. – Det anses bifalt.

Tidspunktet vil senere bli oppslått på tavlene.

Presidenten ber om bemyndigelse til etter at Stortinget er erklært åpnet, og etter at trontalen og beretningen om rikets tilstand er overlevert, å utbringe det sedvanlige ønske for Kongen og fedrelandet. – Bemyndigelsen anses gitt.

Videre foreslås at presidenten bemyndiges til å oppnevne en deputasjon på 7 medlemmer til å motta Kongen ved Stortingets åpning. – Bemyndigelsen anses gitt.

Som deputasjon oppnevnes:

Harry Hansen, formann, Henrik J. Lisæth, Olav Totland, Asbjørn Haugstvedt, Gunnar Garbo, Tor Oftedal og Børre Pettersen.

Presidenten ber videre om Stortingets bemyndigelse for Presidentskapet til etter alminnelig praksis å utføre forskjellige forretninger som tilligger Presidentskapet, og foreslår:

Presidentskapet bemyndiges til å la oppta og redigere debattene i Stortinget og dets avdelinger i samsvar med den gitte instruks, samt til enhver tid å treffe de bestemmelser som måtte kreves i anledning av utgivelsen av Stortingstidende, innstillinger, dokumenter og lover – Denne bemyndigelse anses gitt.

Fra Oslo domprosti er kommet følgende skrivelse:

«Til Stortingets presidentskap.

På Oslos bispestols og domprostiets vegne har jeg den ære og glede som vanlig å innby Stortinget til høymesse i Oslo Domkirke på første søndag etter Stortingets høytidelige åpning – denne gang søndag 8. oktober kl. 11.

Domprosten, fung. biskop Reidar Kobro forretter.

Oslo domprosti, 25. september 1972.

Reidar Kobro.»

Presidenten skal anmode om at de representanter som ønsker å overvære høymessen, samles i trappehallen i stortingsbygningen søndag 8. oktober kl. 10.40, så man etter gammel skikk kan gå samlet til kirken.

Forlanger noen ordet før møtet heves?

Meddelelse fra repr. Arne Kielland om overgang til Sosialistisk Folkeparti.

Arne Kielland: Når det 117. Storting nå er konstituert, finner jeg det riktig også fra Stortingets talerstol å melde fra om at jeg finner det uholdbart og politisk uriktig å fortsette som tingrepresentant for Arbeiderpartiet, og at jeg heretter representerer Sosialistisk Folkeparti. Dette har jeg informert Presidentskapet om i skriv, og jeg har også anmodet Presidentskapet om å se med rimelighet på enkelte anmodninger om praktisk hjelp i den nye situasjon.

Møtet hevet kl. 12.15.

Møte tirsdag den 3. oktober kl. 13.

President: Granli.

Åpning av det 117. ordentlige Storting.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg kl. 13 i Stortinget, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 117. ordentlige Storting ved dets åpning.

«Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den vil bli til gagn for fedrelandet.

Norge må medvirke til å styrke De Forente Nasjoner som en verdensomfattende fredsskapende organisasjon.

Norge må holde fast ved den utenriks- og sikkerhetspolitiske hovedlinje som vi har fulgt hittil, grunnlagt på gjensidig forpliktende samarbeid.

Det er i landets interesse at samarbeidet i Vest-Europa blir styrket. Norge må til enhver tid delta i dette samarbeidet på en måte som tjener folkets interesser.

Norge må arbeide for at konferansen om sikkerhet og samarbeid i Europa kan bli holdt så tidlig som mulig i 1973. Arbeidet for å få i stand forhandlinger om gjensidige styrkereduksjoner i Europa må støttes.

Norge må gå inn for å styrke forbindelsen med de øst-europeiske land.

Norge må arbeide for å styrke den politiske og rettslige stilling for nasjonale og sosiale folkebevegelser i koloniområder og å yte humanitær og annen økonomisk hjelp til disse.

Norge må øke den humanitære bistand til Vietnam.

Den norske innsats i utviklingslandene må økes og resultatet av De Forente Nasjoners tredje konferanse for handel og utvikling følges opp.

Arbeidet for å sikre like konkurransevilkår i internasjonal skipsfart må fortsette. Norge må søke å fremme et samarbeid for utbygging av sjøtransporten i utviklingsland.

Norge må gå aktivt inn for gjennomføring av aksjonsplanen som ble vedtatt på FNs miljøvernkonferanse i Stockholm.

Norge må medvirke til at det nordiske samarbeid blir videreført og utdypet.

Den økonomiske politikk må ta sikte på å sikre full sysselsetting og en tilfredsstillende økonomisk vekst kombinert med et aktivt natur- og miljøvern. Det må legges avgjørende vekt på å utvikle og trygge arbeidsplasser i alle deler av landet og på en rettferdig inntekts- og formuesfordeling både mellom grupper og distrikter.

Under henvisning til Grunnlovens paragraf 74 henledes for øvrig Stortingets oppmerksomhet på en del av de saker som er ferdigbehandlet eller under arbeid med sikte på framlegg for Stortinget:

langtidsprogram for 1974—77,
innføring av programbudsjettering,
tiltak for å dempe prisstigningen, omfattende utredning om prisproblemene i det moderne samfunn,
barnefamilienes økonomi,
øking av satsene i barnetrygden,
bedre sikring av forbrukernes interesser og rettigheter,
styrking av den samfunnsmessige styring av det private bank- og kredittvesen,
etablering av en Statens Forretningsbank,
målsetting og virkemidler i miljøvernpolitikken,
samordning av lovgivningen om vern mot forurensninger,
forskrifter om reduksjon av blyinnholdet i bensin,
tiltak mot spesielt miljøfarlig avfall,
landsomfattende planlegging og gjennomføring av vern av naturområder og sikring av friluftsområder,
forskningens administrative organisasjon og planleggingen for slik virksomhet og en langtidsplan for forskningen,
utbygging av fiskeriforskningen,

tiltak i forbindelse med strukturendringer og omstillingsproblemer i industrien, omfang og tempo i kraftutbyggingen i perioden 1972—80 og tildeling av kraft til kraftkrevende industri,

et industriøkonomisk institutt,

et statlig forvaltningsselskap,

valg av alternativ for ilandføring av petroleum fra Ekofisk-feltet,

økt avvirkning i skogen og bedre utnyttning av trevirke i skogindustriene,

statlig finansiering av framtidig kulldrift på Svalbard,

utbygging av flyplass på Svalbard, skipsfartens betydning og sjøfolkens yrkesforhold,

oppfølging av stortingsmeldingene om mål og midler i distriktsutbyggingen og regionalpolitikken,

den praktiske gjennomføring av en etableringskontroll,

en ny utbyggingsplan for Nord-Norge og støtte til grunnlagsinvesteringer som kan styrke vekstområdene i Nord-Norge, finansiering av A/S Norsk Jernverks utbyggingsplaner 1972—75,

utbygging og drift av flyplasser i Troms og Finnmark,

aksjonsplan for de samiske bosettingsområder,

utbygging av rettledningstjenesten for fiskere,

et nasjonalt markedsførings- og produktviklingsorgan for fiskeriene,

utbygging av Statens Fiskarbank,

endring i støtteordningene for jordbruket, endringer i jordloven,

endringer i lov om skogproduksjon og skogvern,

oppfølging av forslagene i stortingsmeldingen om boligspørsmål, med sikte på fortsatt høyt nivå i boligbyggingen og rimeligere bokostnader,

tiltak for å motvirke prisstigning på fast eiendom,

tiltak for bedring av tomteforsyning og boligbygging i de større byområdene og om en bedre administrativ ordning for utbyggingsoppgavene i Oslo—Akershus-området,

lov om tomtefeste,

bedring av bomiljøet i eldre og nyere strøk,

ny lov om daginstitusjoner for barn og vesentlig øking av tempoet i utbyggingen av slike institusjoner,

kulturaktiviteten i årene framover og den videre utbygging av virksomheten for idrett og fysisk fostring og om enkelte tiltak som gjelder ungdomsarbeidet,

sterkere innsats i medisiner- og sosialarbei-
derutdanningen,
regler for ikke-artianernes adgang til uni-
versitets- og høgstudier,
integrering av funksjonshemmedes utdan-
nelse i det ordinære skoleverk,
adgang for kommunene til fritt å avgjøre
kretsordningen for grunnskolen,
ny lov om målbruk i offentlig tjeneste,
oppretting av en egen institusjon for radio-
og fjernsynsundervisning,
en tempoplan for snarlig radio- og fjern-
synsdekning av hele landet,
styrking av de rutegående kommunikasjons-
midlers stilling,
utbygging av Gardermoen flyplass,
revisjon av samferdselsloven,
konesjonsområdene og prinsippene for
konesjonstildeling for innenlandske fly-
ruter,
nærtrafikkutvalg for Trondheim, Stavanger
og Drammen,
styrking av arbeidet for økt trafikksikker-
het,
de funksjonshemmedes kommunikasjons-
problemer,
oppfølging av målsettingen i stortingsmel-
dingen om vernet arbeid og intensivering
av arbeidet for en ytterligere bedring av
de yrkesvalghemmedes arbeidsmulighe-
ter,
de sosiale tjenester og det sosiale hjelpeap-
parat på kommune- og fylkesplanet,
omsorgen for de eldre,
den framtidige utdanning av helse- og so-
sialpersonell,
den videre utbygging av åndssvakeomsor-
gen,
desentralisering av offentlige oppgaver og
styrking av det lokale demokrati,
direkte valg til fylkestinget,
sikring av de ansattes medbestemmelsesrett
i alle deler av vårt arbeidsliv,
lov om utvidet medbestemmelsesrett for de
ansatte i statsbedriftene,
endring av den sentrale politiorganisasjon,
ny straffeprosesslov,
lov om statlig lønnsgaranti ved konkurs,
ny odelslov,
langtidsprogram for Forsvaret,
repetisjonsøvingene og soldatenes godtgjø-
ring under slik tjeneste,
fortsatt utredning med hensyn til tjeneste-
tid og tjenestealder,
politisk virksomhet i Forsvaret,
styrking av norsk informasjonsvirksomhet i
andre land.
Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og
erklærer Norges 117. ordentlige Storting
åpnet.»

*Melding frå Kongen til Stortinget om
Noregs rikets tilstand og styring i tida etter
siste melding,*

lesen av statsråd Inger Louise Valle.

«I samsvar med grunnlova gjev Kongen den-
ne meldinga til Stortinget om Noregs rikets
tilstand og styring i tida etter siste melding.

Gjennom FN, FNs særorganisasjonar og an-
dre internasjonale organisasjonar har Noreg
gått inn for å utvikle vidare det mellomfolke-
lege samarbeidet for å fremme avspenning og
fred og internasjonal økonomisk og sosial
rettferd og solidaritet. Noreg er aktivt med i
arbeidet på å sikre grunnlaget for ei løysing
av FNs finansielle problem.

Regjeringa har teke aktivt del i arbeidet for
at Folkerepublikken Kina skulle få Kinas
plass i Dei sameinte nasjonane. Noreg har
godkjent Den demokratiske republikken Viet-
nam (Nord-Vietnam) og Folkerepublikken
Bangladesh.

I NATO har Noreg vore med i arbeidet for
å klårleggja dei forsvarsoppgåvene alliansen
har i 1970-åra og for å leggje tilhøva best mo-
geleg til rette for vidare avspenning og ei fre-
deleg utvikling i Europa.

Regjeringa har framleis aktivt gjeve stønad
til arbeidet for å få i stand konferansen om
tryggleik og samarbeid i Europa som eit mid-
del til å fremme større tryggleik og utvida
kontakt og samarbeid mellom dei europeiske
land og folk. Noreg har vore aktivt med i
rådleggingane om desse spørsmåla i NATO
og innanfor ramma av dei utanrikspolitiske
konsultasjonane mellom EF-landa og kandi-
datlanda og gjennom bilaterale kontaktar med
medlemslanda i Warszawapakta og med dei
nøytrale statane i Europa. Frå norsk side har
vi òg halde fram med å stø arbeidet for å få
i gang tingingar om gjensidige reduksjonar av
militære styrkar i Europa.

Regjeringa har gått inn for ei vidare utbyg-
ging av Noregs kontaktar og samarbeid med
Sovjetunionen og dei andre aust-europeiske
landa. Det er gjort ei avtale med Sovjetuni-
onen om økonomisk, industrielt og teknisk-
vitskapeleg samarbeid, og det er også skrive
under ein konsulæravtale.

Både i FN og i NATO har Noreg teke ak-
tivt del i arbeidet for rustningskontroll og
nedrustning. Noreg har skrive under konven-
sjonen av 10. april 1972 om forbod mot utvik-
ling, tilverking og lagring av bakteriologiske
våpen og førebur ratifikasjonen av konvensjo-
nen. Regjeringa stø arbeidet for å få i stand
eit liknande forbod mot kjemiske våpen.
Gjennom det deteksjonsseismologiske anleg-

get NORSAR hjelper ein frå norsk side til med arbeidet for å skape grunnlag for totalforbod mot prøver med kjernefysiske våpen.

Noreg er medlem av den FN-komitéen som førebur den planlagde konferansen om folkeretten for havet. Frå norsk side legg ein særleg vekt på tilfredsstillande løysingar i spørsmål som gjeld skipsfarten, fiskeriproblema og havureininga, og i spørsmål om kontinental-sokkelen av havbotnen ellers.

Utvidinga av den islandske fiskerigrensa kan føre til sterkare utnytting av fiskeressursane utanfor norskekysten. Regjeringa følgjer utviklinga nøye med sikte på å skaffe seg best mogeleg vurderingsgrunnlag for tiltak som kan bli aktuelle i samband med dette.

Gjennom FN og andre organ støt Regjeringa det internasjonale humanitære hjelpearbeidet i samband med naud- og krisetilstand i ymse delar av verda. Bl.a. med utgangspunkt i eit norsk initiativ er det i FN skipa eit koordinerande organ for internasjonal katastrofehjelp.

Noreg tek aktivt del i arbeidet for å auke dei frivillige tilskotta til FNs organisasjon for hjelp til Palestina-flyktingane (UNRWA).

Med bakgrunn i FNs fråsegn av 1960 om å avskaffe kolonistyret og seinare resolusjonar vedtekne av Hovudforsamlinga og Tryggingrådet går Regjeringa inn for at ein frå norsk side utvidar den humanitære og andre former for økonomisk hjelp til dei folka og dei nasjonale og sosiale folkerørslene i det sørlege Afrika som kjempar for nasjonal frigjering.

Frå 1. januar er Noreg medlem av FNs menneskerettskommisjon for ein periode på tre år. Ei utbygging og trygging av grunnleggjande menneskerettar er ikkje berre eit mål i kampen for likskap og sosial rettferd, men naudsynt i arbeidet for varig fred i verda.

Noreg har i år ratifisert FNs menneskerettskonvensjonar av 1966 om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar og om sivile og politiske rettar. Noreg vil arbeide aktivt for at desse konvensjonane blir sette ut i livet.

Noreg har vore med på den ekspertkonferansen om vern av menneskerettar i væpna konflikhtar som den internasjonale Raudekrosskomitéen skipa til i Genève i tida 3. mai til 3. juni. På norsk side helsar ein velkommen initiativet frå den sveitsiske forbundsregjeringa til å kalle saman ein diplomatisk konferanse i Genève i 1974 med sikte på å byggje ut Genève-konvensjonane av 1949 om vern av krigens offer.

Noreg har ratifisert ILO-konvensjon nr. 130 om sjukehjelp og sjukepengar. Konvensjonen tek til å gjelde for Noregs vedkommande den 15. februar 1973.

Noregs samarbeid med utviklingslanda er

ført vidare og utvida i samsvar med handlingsprogrammet for FNs 2. utviklingstiår (1970-åra). Regjeringa har funne det rett å leggje aukande vekt på dei kvalitative sidene av utviklingssamarbeidet innanfor ramma av ein opptrappingsplan som har til føresetnad at dei offentlege hjelpeløyvingane kjem opp i 1 prosent av bruttonasjonalproduktet seinast i 1978.

Noreg ytte i 1971 i alt 292,7 mill. kroner til utviklingshjelp og internasjonalt humanitært hjelpearbeid. Dette er ein auke på noko over 11 prosent samanlikna med 1970. Den norske hjelpa fordelte seg med 57 prosent på multilateral verksemd, 42 prosent på bilateral verksemd og 1 prosent på såkalla multi-bi-prosjekt. I samsvar med gjeldande retningslinjer tek Regjeringa framleis sikte på å fordele hjelpa med om lag ein halvpart til fleirsidig og ein halvpart til tosidig verksemd. Den etter måten større delen til multilateral verksemd i 1971 hadde først og fremst samanheng med monaleg større tilleggs-løyvingar til Verdas matvareprogram.

Det tosidige samarbeidet konsentrerer seg framleis om hovudmottakerlanda i Aust-Afrika (Kenya, Tanzania og Uganda), Zambia og om India og Pakistan. Men hjelpa til Pakistan har på det nærmaste vore stansa på grunn av dei spesielle tilhøva i landet. Det er likevel ytt store summar som hjelp til aust-pakistanske flyktingar og til humanitært hjelpearbeid i Bangladesh etter at den nye staten vart skipa.

Dei norske løyvingane til multilateral verksemd i 1971 var i hovudsaka konsentrerte om FNs utviklingsprogram (UNDP), Verdas matvareprogram, Det internasjonale utviklingsfondet (IDA) og dei regionale utviklingsbankane i Asia og Latin-Amerika.

Saman med dei andre nordiske landa har Noreg i internasjonale styre og råd arbeidd aktivt for å sikre best mogeleg utnytting av dei multilaterale hjelpeyttingane.

I ulike FN-organ har Noreg gått inn for at det skal setjast i verk særlege tiltak til hjelp for dei minst utvikla av utviklingslanda. Regjeringa har gjort framlegg om ei tilleggs-løyving til FNs utviklingsprogram (UNDP) for 1972 på 16,3 mill. kroner som UNDP kan bruke i tre slike land, nemleg Botswana, Lesotho og Øvre Volta.

Den tredje konferansen om handel og utvikling, UNCTAD III, vart halden i Chile våren 1972. Det vart vedteke ei rekkje tilrådingar om auka ressursoverføring frå rike til fattige land og om større handel mellom utviklingsland og industriland. Arbeidet er i gang med å analysere korleis desse tilrådingane kan realiserast. Tollpreferanseord-

1972. 3. okt. – Åpning av det 117. ordentlige Storting.

ninga for import frå utviklingsland, som vart sett i verk 1. oktober 1971, ser ut til å ha verka slik som det var tenkt.

Den internasjonale kaffiavtalen av 1968 går ut 30. september 1973. Noreg er med i tingingane om fornying eller forlenging av avtalen.

Noreg er med på FNs kakaokonferanse som er i arbeid no. Regjeringa går inn for ein internasjonal avtale som skal regulere handelen med denne vara, som er så viktig for mange utviklingsland.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale kulturelle samarbeidet, innanfor ramma av dei tosidige samarbeidsavtalane og dei store internasjonale organa som UNESCO og Europarådet. Auken i kontaktane med Aust-Europa har halde fram, ikkje minst når det gjeld personutveksling.

Arbeidet med å styrkje det nordiske samarbeidet held fram på grunnlag av den reviderte samarbeidsavtalen som tok til å gjelde 1. juni 1971. På Nordisk ministerråds møte i februar i år var det semje om å leggje fram eit handlingsprogram for samarbeidet på dei regionalpolitiske, industripolitiske og miljøpolitiske områda på neste sesjon i Nordisk råd. Samtidig arbeider ein med å styrkje det administrative og organisatoriske apparatet for samarbeid i Norden.

Avtalen mellom dei nordiske landa om kulturelt samarbeid av 15. mars 1971 tok til å gjelde 1. januar 1972. Nordisk ministerråd har vedteke at det skal utarbeidast eit handlingsprogram for perioden 1973—75 for samarbeidet under avtalen.

Ved kgl. res. 14. juli 1972 vart det gjeve fullmakt til å skrive under ein nordisk avtale om samarbeid i samferdsle-sektoren. Avtalen tek sikte på å styrkje og utvikle vidare samarbeidet om transport, reisetraffikk, post og telekommunikasjonar i Norden og mellom Norden og andre land.

I EFTA har Noreg vore med i studiet av den situasjon ein vil få når eitt eller fleire av EFTA-landa blir medlemmer av EF, bl.a. med sikte på å komme fram til ordningar for å halde oppe frihandelen under overgangstida.

Regjeringa har slutført tingingane om norsk medlemskap i Dei europeiske fellesskapa. Traktaten om norsk tilslutning vart underskriven 22. januar 1972. Tingsingsresultatet vart lagt fram for Stortinget i St. meld. nr. 50 (1971—72). I samsvar med lov av 21. april vart det 24. og 25. september halde folkeavrøysting om Noreg bør bli

medlem av Dei europeiske fellesskapa. Resultatet av folkeavrøystinga vart:

For medlemskap: 956 043 røyster.

Mot medlemskap: 1 099 398 røyster.

Gjennom den konsultasjonsordninga som er oppretta mellom EF-landa og søkjarlanda, har Noreg teke del i utforminga av EFs mandat for tingingane med dei ikkje-medlemskapssøkjande EFTA-landa. Under desse konsultasjonane har Regjeringa arbeidd for at desse landa skulle få så gode tingsingsløysingar som mogeleg.

I GATT er Noreg med på å førebu dei omfattande handelstingingane som etter planen skal ta til i 1973. Tingingane vil gjelde både industri- og landbrukssektoren og vil omfatte avvikling eller reduksjon av toll og andre handelshindringar.

Arbeidet med å auke den offentlege innsatsen for å fremme norsk vareeksport er intensivert i år. Det blir lagt vekt på å effektivisere og samordne den offentlege innsatsen. I den eksportfremmande verksemda tek ein særleg omsyn til eksporten til utviklingsland og statshandelsland.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale skipsfartspolitiske samarbeidet for å hindre nye restriksjonar mot fri internasjonal skipsfart. Regjeringa har gjeve både teknisk og annan stønad til oppbygging av handelsflåten i utviklingsland.

Noreg er aktivt med i det internasjonale samarbeidet i kampen mot ureining. Arbeidet med ein konvensjon mot dumping av skadeleg avfall i det nord-austlege Atlanterhavet er avslutta og konvensjonen (Oslo-konvensjonen) underskriven av 12 land 15. februar. Han vart ratifisert av Noreg 2. juni.

Noreg var med på FNs miljøvernkonferanse 5.—16. juni.

Forsvaret har arbeidd etter dei hovudretningslinene som er dregne opp for perioden 1969—73. Ein arbeider med eit langtidsprogram for forsvaret for perioden etter 1973.

Tiltak for å effektivisere repetisjonsøvingane er under vurdering på bakgrunn av tilrådinga frå Repetisjonsøvingsutvalget av 1969. Samarbeidet mellom dei nordiske landa med sikte på å stø Fns fredsvernande operasjonar held fram.

Bergingstenesta er framleis under utvikling, med dei to hovudbergingssentralane (Stavanger/Sola og Bodø) og 53 lokale bergingssentralar som kjernepunkt. Ut-

bygging av telekommunikasjonsanlegga ved bergingssentralane er i gang, og ein førebudur å realisere planar om andre tiltak for å styrkje telekommunikasjonssystemet i bergingstenesta. Det blir stadig halde øvingar, kurs og seminar for personell som har med bergingstenesta å gjere, og det blir gjeve opplæring i bergingsteneste med demonstrasjon av utstyr ved navigasjonsskolane og fiskerifagsskolane m.m. Praktisk tala alle lokale bergingssentralar er utstyrte med nye bergingsplaner utarbeidde etter direktiv frå departementet og på grunnlag av ein normalplan.

Ei prøveordning for undervisningsopplegg ved ein forskole for sivile tenestepliktige har vore driven på Ringebru sidan i sommar.

Folkemengda var 3 943 000 pr. 1. oktober 1972, dvs. 0,8 prosent større enn på same tid i fjor.

Arbeidsmarknaden har hittil vore litt mindre stram enn i same tidsrom i fjor. Ledige plassar i prosent av arbeidsøkjarar var for januar—juli i år 88, mot 93 i same tidsrom 1971. Den registrerte arbeidsløysa var både i 1. og 2. kvartal noko større enn i 1971, da talet var svært lågt.

Den registrerte arbeidsløysa var i 1. halvår gjennomsnittleg 15 000, eller 1,0 prosent av arbeidsstyrken, mot 12 600 og 0,8 prosent i 1. halvår 1971. Ved utgangen av august var det registrert 10 700 arbeidslause, eller 2500 fleire enn i august i fjor.

I 1. halvår i år vart i alt 119 bedrifter og 4659 personar råka av driftsinnskrenkingar, registrerte ved arbeidsformidlinga, mot 87 bedrifter og 3328 personar i same tidsrom i fjor. Talet på personar som vart råka av driftsinnskrenkingar var i 1. kvartal mest dobbelt så stort som i fjor, men i 2. kvartal var det om lag likt. Driftsinnskrenkingane i år råka særleg kledevarerindustri, treforedlingsindustri og jern- og metallvarerindustri, og galdt i første rekkje Møre og Romsdal, Østfold, Telemark, Oslo og Vestfold.

I dei sju første månadene i 1972 fekk 8700 utlendingar arbeidsløyve, eller 1050 færre enn i same tidsrom i fjor.

Arbeidet med å gjennomføre ein utvida medavgjerdsrett for dei tilsette i arbeidslivet er ført vidare. I samband med dette er det i Kommunal- og arbeidsdepartementet skipa ei avdeling for saker som knyter seg til arbeidsmiljøet.

Det er grunn til å rekne med at den samla produksjonen av varer og tenester har stige mindre frå 1. halvår i fjor til 1. halvår i år enn frå 1. halvår 1970 til 1. halv-

år 1971, da auken var 7 prosent. For heile 1972 reknar ein med ein auke i høve til 1971 på 4 prosent, mot ein auke på 5 prosent frå 1970 til 1971.

Førebels oppgaver over varebyttet med utlandet (rekna utan skip) viser at verdien av innførsla i dei åtte første månadene av 1972 var 16,2 milliardar kroner, eller om lag 215 mill. kroner større enn i same tidsrom i fjor. Verdien av utførsla gjekk i same perioden opp med om lag 1,0 milliard kroner til 11,6 milliardar kroner.

I januar—juli 1971 var det ei nettoinnførsle av skip på 1363 mill. kroner, medan det i same tidsrom i 1972 var ei nettoutførsle på 24 mill. kroner.

Rekna utan skip auka innførsla med 0,2 prosent i volum, medan utførslevolumet steig med 13,3 prosent frå januar—juni i fjor til same tidsrom i år. Prisane på innførte varer gjekk i same perioden opp med 1,0 prosent. For utførte varer gjekk dei ned med 3,5 prosent.

I dei sju første månadene av året var nettovalutafraktene av norske skip i utanriksfart 4130 mill. kroner, eller 480 mill. kroner mindre enn i same perioden i fjor. Det var i januar—juli i år eit overskott på driftsrekneskapen med utlandet på 375 mill. kroner, mot eit underskott på 1350 mill. kroner i dei første sju månadene av 1971. Overskottet på driftsrekneskapen i januar—juli 1972, ein netto inngang av langsiktige kapitaltransaksjonar på 922 mill. kroner og ei ny tildeling av spesielle trekkrettar i IMF på 184 mill. kroner, dekte ein netto utgang av kortsiktige kapitaltransaksjonar på 1481 mill. kroner.

For jordbruket var vekstvilkåra sommaren 1972 noko skiftande. Alt i alt reknar ein med middels gode avlingar i jord- og hagebruk. Samla husdyrproduksjon reknar ein vil bli noko større enn i fjor.

I skogbruket vart det avverka 8,5 mill. m³ til sal og industriell produksjon i driftsåret 1970—71. Førebels oppgaver for driftsåret 1971—1972 viser ein nedgang i avverkinga på 10 prosent frå førre driftsåret.

Utbyttet av fisket var i 1. halvår 1972 om lag 1,8 mill. tonn mot om lag 1,9 mill. tonn i same perioden i 1971. Førstehandsverdien i 1. halvår 1972 var om lag 830 mill. kroner, som er om lag 75 mill. kroner mindre enn i same tidsrom i fjor. Nedgangen i fangstmengda kjem først og fremst av at loddefisket i 1. halvår gav eit dårlegare utbyte enn i same perioden i 1971. Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt auka frå 1134 mill. kroner i 1. halvår 1971 til 1238

mill. kroner i 1. halvår 1972. Eitt norsk flytande kokeri har drive kvalfangst i det sørlege Atlanterhavet nord for 40° sørleg breidd til utgangen av 1971.

I bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei sju første månadene av 1972 vel 3 prosent større enn i same perioden i 1971. For bergverksdrift var produksjonsauken 16 prosent (inklusive oljeutvinning), for industri vel 2 prosent og for kraftforsyning 7 prosent i høve til januar-juli i fjor.

Samanlikna med dei sju første månadene i 1971 auka eksportvareproduksjonen med 2 prosent, konsumvareproduksjonen med 3 prosent, investeringsvareproduksjonen med 4 prosent, produksjonen av varer til bygg og anlegg med 4 prosent og produksjonen av vareinnsatsvarer elles med 3 prosent.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1971 var 63,6 milliardar kWh. I dei sju første månadene av 1972 var produksjonen 39,0 milliardar kWh, mot 36,4 milliardar kWh i same tidsrom i fjor. Magasinfyllinga var hausten 1972 noko betre enn på same tid i fjor.

Byggjeverksemda har vore noko mindre i år enn i fjor. Ved månadsskiftet juli/august var det i alt om lag 3 prosent mindre areal under arbeid enn eitt år tidlegare. Areal sett i arbeid i januar-juli var 3 prosent mindre, men areal teke i bruk var 4 prosent større enn i same perioden i 1971. Heile auken i areal teke i bruk gjeld bustadbygging. I dei sju første månadene av 1972 vart det sett i arbeid 21 640 og fullført 23 991 bustader. Ved månadsskiftet juli/august var det i arbeid 37 253 bustader. Samanlikna med 1971 er dette ein nedgang på 2 prosent for bustader sette i arbeid, ein auke på 12 prosent for fullførte bustader og ein auke på 1 prosent for bustader under arbeid.

For andre bygg enn bustader og bygg for jordbruk, skogbruk og fiske har det for dei sju første månadene vore ein nedgang på 6 prosent for ingangsett areal, 8 prosent for areal under arbeid og 6 prosent for fullført areal.

Handelsflåten auka med 298 000 bruttotonn i første halvår og var på 22,2 mill. bruttotonn ved utgangen av juni i år. Tanktonnasjen auka i første halvår med 54 000 bruttotonn.

Ved halvårsskiftet var det under bygging eller tinga for norsk rekning ved utanlandske verkstader skip på til saman 6,5 mill. bruttotonn. Dette var ein nedgang på 1,3 mill. bruttotonn frå same tid i fjor. Ved norske verkstader var det for norsk rekning

under bygging eller tinga skip på til saman 2,4 mil. bruttotonn, eller 0,5 mill. bruttotonn mindre enn på same tid i fjor.

Både for tørrlastskip og for tankskip var fraktratene på verdsmarknaden vesentleg lågare i første halvår 1972 enn i same perioden året før. Turfraktene for tørrlastskip låg 25 prosent lågare enn i same perioden året før, tidsfraktene 23 prosent lågare, og turfraktene for tankskip viste ein nedgang på 50 prosent frå første halvår 1971.

Ved utgangen av august låg 14 tørrlastskip på til saman 76 000 bruttotonn og 10 tankskip på til saman 146 000 bruttotonn i opplag. Eitt år tidlegare låg 21 tørrlastskip på til saman 138 000 bruttotonn og 3 tankskip på til saman 17 000 bruttotonn i opplag. Høgaste opplagstalet i 1972 hadde vi ved utgangen av mai. Da låg 18 tørrlastskip på til saman 154 000 bruttotonn og 21 tankskip på til saman 808 000 bruttotonn i opplag.

I innanlands samferdsle har trafikken siste året stige sterkast i lufta og på vegane.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1971 på vel 73 000 km. Om lag 24 200 km offentleg veg har fast dekke eller oljegrusdekke. Av riksvegnettet kan 85 prosent trafikkerast av vogner med akseltrykk på opp til 7 tonn, og på 79 prosent av riksvegane er 8 tonn akseltrykk tillate. Arbeidet held fram med å byggje og forsterke bruene. Det er skipa nye ferjesamband, og nye ferjer og tettare ruter i dei eksisterande sambanda har skapt betre kommunikasjonar i kyststrøka.

Ved utgangen av 1971 var bilparken på nær 970 000 køyreyty. Dette er ein auke på over 7 prosent frå året før. Biltettleiken landsdelane imellom jamnar seg ut. Talet på tunge lastebilar aukar sterkt frå år til år, medan talet på mellomstore lastebilar går ned.

Eit overslag viser at vegtrafikken auka med vel 6 prosent frå 1970 til 1971. Dette er ein monaleg mindre auke enn i dei fem åra før, da trafikkauken er rekna til over 9 prosent pr. år i medeltal. Auken har variert frå landsdel til landsdel og også innanfor den einskilde landsdelen.

Ferjetrafikken blir driven med 221 farty med ein samla kapasitet på 4550 personbilstassar. Det vart frakta 14 prosent fleire motorkjøyreyty og 9 prosent fleire personar i 1971 enn året før.

Arbeidet med å rasjonalisere og effektivisere kyst- og lokalferdsle held fram. Gjennomsnittsalderen på flåten går ned etter kvart og tonnasjen pr. skip aukar. Trass i reduksjonen i samla bruttotonnasje held transportmengda seg godt oppe.

Statsbanene transporterte i fjor 29 mill.

personar, det same talet som i kvart av dei to åra før. Trafikken på dei lange avstandane held seg betre oppe enn på dei korte, der tevlinga frå privatbilane er sterkast. På nokre baner har trafikkutviklinga vore svært positiv. På dei heilt lange avstandane tek flya over stadig relativt meir av trafikken. Godsmengda utanom dei spesielle malmtransportane minka med om lag 7 prosent i 1971. Dette kjem av ein sterk nedgang i vognlastsendingar i samtrafikken med utlandet. Også malmtransportane på Ofofbanen gjekk noko ned i 1971 som ei følgd av konjunkturane på stålmarknaden. Produktiviteten ved Statsbanane målt i bruttoprodukt pr. årsverk, auka med 2,8 prosent i 1971 mot 4 prosent i gjennomsnitt pr. år i siste 10-årsperioden.

I luftferdsla var det innanlandske stamrutenettet enda meir forsterka i 1971, med frekvensauke på dei fleste rutene. Også det internasjonale flyrutenettet blir stadig utbygd. Nettet av kortbaneruter er styrkt ved at det er opna flyplassar i Lofoten/Vesterålen Sogndal, Flora og Ørsta-Volda. Dessutan er Ørland flyplass dregen inn i Widerøes vestlandsrute. I 1971 steig passasjertalet med 19 prosent på dei innanlandske og 10 prosent på dei internasjonale flyrutene.

Det har vore auke i alle trafikkgreiner i Televerket i 1971, bortsett frå telegramtrafikken, som går attende. Ved utgangen av 1971 var det installert i alt 1,2 mill. telefonapparat ved telefonanlegga og tilknytningsnetta til Televerket, dvs. ein auke på vel 5 prosent frå 1970. Tingingar på nytt hovudabonnement auka med 6,2 prosent. Ventelista ved utgangen av 1971 var på 32 600. Telefontettleiken er kommen opp i 30,7 telefonapparat pr. 100 innbyggjarar. 85,3 prosent av apparata er knytte til automatiske telefonsentralar. Av den samla innanlandske rikstelefontrafikken vart ca. 55 prosent avvikla automatisk i 1971. Om lag 95 prosent av den utgåande rikstelefontrafikken blir avvikla utan ventetid.

Postverket ekspederte over ein milliard sendingar i 1971. Dette var ein auke på 3,6 prosent frå 1970. Posttrafikken blir etter kvart konsentrert til færre og større poststader.

Konsumprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 6,9 prosent høgare enn i tilsvarande periode i fjor. Frå januar til august 1972 steig indeksen med 4,2 prosent.

Engrosprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei sju første månadene 2,9 prosent høgare enn i tilsvarande periode året før.

For utviklinga i dei private inntektene har ein enno lite å halde seg til. Veksten i dei samla lønnskostnadene pr. års-

verk vil truleg auke noko mindre i 1972 enn i 1971.

Det private forbruket viste — etter utviklinga av detaljomssetningsvolumet å dømme — berre lita endring fra 1. halvår 1971 til 1. halvår 1972. For heile 1972 reknar ein med ein auke i høve til 1971 på 2 prosent.

Bruttoinvesteringane i fast realkapital ventar ein skal gå ned med 2,6 prosent frå 1971 til 1972. Om ein held investeringane i skip utanfor, reknar ein med at bruttoinvesteringane vil stige med 3,2 prosent, dvs. ein god del mindre enn året før, da bruttoinvesteringane utanom skip auka med vel 6 prosent.

Kredittpolitikken for 1972 tok sikte på om lag like stor samla kredittførsel til næringslivet, kommunar og privatpersonar som i 1971. Utviklinga hittil i år kan tyde på at samla kredittbehov og kreditttilførsel i 1972 vil bli noko mindre enn rekna med i det reviderte nasjonalbudsjettet.

Finanspolitikken har i dei tre første kvartalane av 1972 ført til ei monaleg inn- draging av likviditet frå den private sektoren, men dette er for ein stor del oppvege av Noregs Banks tilførsel ved valutakjøp. Regjeringa har i 1972 gjeve fri store beløp frå dei skattefrie fondsavsetningane. Statens driftsutgifter og utgifter til investeringar steig med nær 9 prosent frå første halvår 1971 til første halvår 1972. Samtidig auka overføringane til andre med vel 15 prosent.

Den norske krona vart — som den danske og svenske — devaluert med 1 prosent i samband med den generelle valutakursjusteringa i desember i fjor.

Ein reknar med at aktiviteten i kommunane framleis vil auke. Det blir reist sterke krav til kommunar og fylkeskommunar om utbygging, særleg av undervisning, helsestell, eldreomsorg, vassforsyning og kloakkavløp. Ei slik utbygging vil ikkje kunne gjennomførast med dei vanlege inntektene i kommunane, og ein må rekna med at kommunegjelda kjem til å stige sterkt.

Distriktenes utbyggingsfond gav i 1971 tilsegn om lån og garantiar for i alt 427 mill. kroner. Til flytting av verksemdar og til spesiell opplæring og oppstarting vart det i 1971 gjeve tilsegn om tilskott på til saman 23,3 mill. kroner. Investeringstilskott som verkemiddel i distriktsutbygginga vart sett i verk i 2. halvår 1971. Ordninga blir administrert av Distriktenes utbyggingsfond. Det vart i 1971 gjeve tilsegn om investerings- tilskott på til saman 94,3 mill. kroner. I alt vart det i 1971 gjeve tilsegn om lån, garantiar og tilskott frå Distriktenes utbyggingsfond

på om lag 545 mill. kroner mot om lag 438 mill. kroner i 1970. Talet for første halvår 1972 var ca. 375 mill. kroner, av dei ca. 125 mill. kroner til investeringstilskott.

Ved dei utpeika industrivekstanlegga er det no fullført utleigebygg på til saman ca. 44 000 m². Dei verksemdar som er flytta inn, sysset om lag 750 personar. Det er i bygging utleigebygg på til saman ca. 31 000 m².

Lokaliseringstutvalet har sidan det vart innført meldeplikt 1. mai 1971 og fram til utgangen av første halvår 1972, teke mot om lag 250 bedriftssaker, og av dei galdt 195 saker som var meldepliktige etter lokaliseringslova.

Miljøverndepartementet vart skipa 8. mai i år.

Arbeidet med å sikre område for naturvern og friluftsliv er ført vidare. Arbeidet med skjergardspark på Sørlandet er teke opp, og andre større friluftsområde er sikra.

Det er freda 6 naturreservat, bl.a. Bouvetøya i Antarktis.

Lov om planlegging i strandområde (strandplanlova) av 10. desember 1971 er sett i verk 1. januar.

Grunnbeløpet i folketrygda vart frå 1. januar auka frå 7 500 kroner til 7 900 kroner, og særtillegget gjekk dermed opp frå 1 050 kroner til 1 106 kroner. Frå mai vart særtillegget auka ytterlegare til 1343 kroner dersom vedkommande er ugift eller har ektefelle som ikkje får pensjon frå folketrygda, og til 1 264 kroner dersom vedkommande har ektefelle som får pensjon frå folketrygda.

Ved endring i folketrygdlova er pensjonsalderen sett ned frå 70 til 67 år med verknad frå 1. januar 1973. Dei trygda i aldersgruppa 67 til 70 år kan ta ut alderspensjon etter ønske, men avgrensa slik at pensjonen saman med aktuell arbeidsinntekt som hovudregel ikkje må overstige 80 prosent av tidlegare arbeidsinntekt. For den delen av pensjonen som ikkje blir teken ut, blir det rekna ventetillegg som skal utgjere $\frac{3}{4}$ prosent av den eigenpensjon som gjeld til kvar tid, multiplisert med talet på heile kalendermånader da den trygda har venta med å ta ut pensjon, men forholdsmessig redusert ved uttak av gradert pensjon. Rett til ventetillegg har den trygda frå det tidspunkt han tek ut heil alderspensjon, seinast ved fylte 70 år. For dei trygda som har fylt 64, men ikkje 67 år og som for ei viss tid har fått godskrive pensjospoeng, blir aldersveiking jamstelt med sjukdom når det gjeld rett til uførepensjon, og pensjon kan gjevast utan freistnad på attføring.

Frå 1. januar 1973 skal avgifta av godtgjersle for arbeid utanom tenesteforhold svarast etter den same (lågare) satsen som er

fastsatt for lønsinntekt. Frå same tid skal det svarast arbeidsgjevaravgift av slik godtgjersle.

Tillegget til bruttopensjon etter lov om pensjonstrygd for sjømenn er med verknad frå 1. juli auka frå 15 til 23 prosent for alderspensjonistar under 70 år og elles for den del av pensjonen som svarar til krigsfarttillegget.

Frå 1. januar er det innført ei ny mellombels stønadsordning for fråskilde og separerte forsørgjarar.

Frå 1. januar har staten refundert sosialhjelpsutgifter for bustadlause personar. Gruppa omfattar personar med store sosiale tilpassningsvanskar og med lita tilknytning til ein bestemt kommune. Målsetjinga er å etablere realistiske hjelpetiltak og attføringsopplegg, og å gje hjelp til fast busetnad til denne sosialgruppa. Sosialhjelpsutgifter til dei norske sigøyningarane vil òg komme inn under denne ordninga.

Det er no skipa stilling som sosialkonsulent i ni fylke. I seks av stillingane er det tilsett konsulentar.

Ved føresegner frå Sosialdepartementet 7. juli 1972 er reglane om det høve kommunane har til å krevje betaling av pensjonærene for opphald i aldersheim m.v. og privat forpleining liberalisert og gjort einsarta for heile landet.

Sosialdepartementet har frå i år sett i gang regelmessige kurs for personale i aldersinstitusjonar.

Ved utgangen av 1970 var det 9 012 barn under vernetiltak av barnevernsnemndene. Av desse barna var 5 085 under omsorg, av dei 2 482 i fosterheimar, resten i institusjonar.

Alkoholforbruket var i fjor 4,93 liter — omrekna i rein alkohol og rekna i gjennomsnitt pr. innbyggjar 15 år og eldre — mot 4,73 liter i 1970. Personar som vart registrerte for drukkenskap, var i fjor 41 036, mot 36 624 i 1970. Det førebels talet over personar registrerte for drukkenskap i første halvår er 20 376.

Sidan lausgangarlova vart endra våren 1970, var det pr. 1. mars 1972 skipa 342 vernehjelpsplassar, fordelte på 9 ulike institusjonar. Til saman var det da 552 verneheimsplassar i landet.

Det vart i 1971/72 oppretta tre avrusingsstasjonar, den største i Oslo kommune med 45 plassar.

Søknaden til ledige offentlege legestillingar viser framleis betring, og personalsituasjonen for det offentlege legestellet er derfor lettare enn på mange år.

Søknaden til offentlege tannlegestillingar har stadig betra seg, og berre eit fåtal di-

striktstannlegestillingar i ytterdistrikt står i dag tomme.

Utbygginga av det psykiske helsevernet har halde fram. Det blir særleg arbeidd med å skaffe andre alternativ enn plassering i institusjonar.

Utbygginga av familievernkontor held fram. Det er pr. 1. september godkjent 31 familievernkontor og 11 sekundærkontor for familierådgjeving. Fleire kontor er under etablering.

Det er halde fleire kurs og seminar for personale som arbeider med ungdomsnarkomane, og staten har ytt monalege tilskott til lokale behandlingstilbod og andre tiltak for ungdomsnarkomane. Den oppsøkjande verksemda i København er styrkt.

Nye retningslinjer for heimesjukepleie tok til å gjelde 1. januar, og planleggingsarbeidet for gjennomføringa er komme godt i gang i kommunane. Truleg vil heimesjukepleieverksemda etter dei nye retningslinjene vere innført i alle kommunar i landet i dei kommande 3 åra.

Prøveordning er sett i gang med å omorganisere sjukepleietenesta i institusjonar. Ein reknar med at arbeidet med slik omorganisering vil intensiverast i kommande år.

Det er sett i gang utprøving av ny skoleplan ved 2 grunnskolar i sjukepleie. Ordninga omfattar studietilhøve, økonomi og det faglege innhaldet i skoleprogrammet.

Det blir arbeidd vidare med å rasjonalisere apotekdrifta ved å forenkla apotekanlegga og sentralisere legemiddelproduksjonen.

For å oppnå ein størst mogeleg tilgang på sjukeheimplassar innanfor den finansielle ramma som ligg føre, er det fastsett rettleiande kostnadsrammer for sjukeheimar.

Eit institutt for sjukehusforskning, tilknytt SINTEF, Trondheim, er komme i verksemd og har teke på seg oppdrag innan helsestellet.

Det er sett i verk fleire tiltak med sikte på å betre grunnlaget for dei vedtak som blir gjorde i sosialpolitikken. Det er også teke opp arbeid med å styrkje forskinga om sosiale spørsmål og med å drive forsøksverksemd med nye sosiale tiltak.

Forbrukar- og administrasjonsdepartementet vart skipa 8. mai 1972 og omfattar bl.a. det tidlegare Familie- og forbrukardepartementet og Lønns- og prisdepartementet.

Ved utgangen av 1971 var det i drift 894 daginstitusjonsavdelingar for barn i førskolealderen. Det er ein auke på 157 avdelingar frå året før. Dette gjev i alt ca. 14 600 plassar, som dekkjer 3,15 prosent av barna i førskolealderen.

Den raske veksten i hjelpeordningane for heimane held fram, særleg når det gjeld hei-

mehjelp for eldre og funksjonshemma. Ein reknar med at det i 1971 vart utført om lag 5 700 årsverk, ein auke på 800 årsverk frå året før.

Under ordninga med statstilskott til landbruksvikarar er det pr. 1. juli 1972 registrert om lag 290 landbruksvikarar i til saman 269 kommunar. Det er ein auke på 30 stillingar i 28 kommunar sidan 1. juli 1971.

Med verknad frå 1. juli 1971 vart det sett i verk ei ordning med tilskott til jordbruksferie. For halvåret 1. juli—31. desember 1971 vart det maksimalt gjeve tilskott til 6 feriedagar. 76 405 brukarar nytta seg av ordninga. Det tilsvarar 75—80 prosent av alle med tilskottsrett. Den gjennomsnittlege ferielengda var 5,06 dagar.

Utgiftene til kulturformål på stats- og kommunebudsjettet i 1972 er om lag 7,3 milliardar kroner.

I kyrkja er det no 1060 prestar forutan feltprestane. Det er framleis skort på søkjarar til ymse prestestillingar.

Talet på elevar og studentar i skoleåret 1972-73 er om lag 780 000.

Samla elevtal i allmenndannande skolar er om lag 641 000. Om lag 430 kommunar har innført 9-årig skole i 1971-72. Den nye mønsterplanen vart teken i bruk på barnestegget i haust.

I spesialskolane er det 2 850 elevar.

I realskolen er det no om lag 11 000 elevar.

Talet på artianarar og kandidatar frå økonomisk gymnas er i år ikring 17 000 eller 28 prosent av årskullet. I skoleåret 1972-73 vil det vere om lag 61 000 elevar i gymnas og økonomisk gymnas.

Elevtalet i folkehøgskolane aukar og er no om lag 7 300.

I lærarskolane er det no om lag 6 750 elevar. I tillegg kjem 2 250 elevar i faglærarskolane. Det er i år uteksaminert om lag 2 100 nye lærarar og om lag 1 000 nye faglærarar. 1 050 lærarar har teke vidareutdanning.

1 140 elevar får no utdanning som førskolelærarar. Det er ein sterk auke i forhold til elevtalet året før. Med sikte på ei spreining og ein auke av tilboda om etterutdanning arbeider ein med å få til eit samspel mellom Statens lærarkurs, lærarskolane og skoledirektørane.

Utbygginga av yrkesskolane for handverk og industri og for handel og kontorarbeid held fram med skiping av vidaregåande liner i begge skoleslag. Elevtalet for yrkesskolane for handverk og industri er auka til 21 900 heilårselevar. I yrkesskolane for handel og kontorarbeid er elevtalet no om lag 10 400. I dei tekniske skolane og i dei tekniske fagskolane er elevtalet no ikring 7 306 elevar.

Arbeidet med nye undervisningsplanar og med ajourføring av dei noverande planane held fram. Om lag 30 utval er i arbeid med undervisningsplanar i yrkesskolesektoren. Ved dei fleste ingeniørskolane er undervisninga no omlagd slik at dei to siste åra på dei treårige linene er identiske med toårige studentliner. Ved samarbeid mellom Sørlandets tekniske skole og Agder distriktshøgskole er det frå i haust sett i gang eit treårig teknisk-økonomisk studium. Statens trafikklærarskole har teke til med verksemda i mellombels lokale i Stjørdal. Norges Trelastskole skal vere toårig frå i haust. I yrkesskolar for handel og kontorarbeid er det sett i gang prøve-drift med eit tredje undervisningsår. Innanfor sjømannsutdanninga har det ei tid ved samarbeid mellom organisasjonane på arbeidsgjevar- og arbeidstakersida vore i gang praktisk opplæring om bord av mannskap til handelsflåten. Ordninga, som no har vart i 5 år, har gjeve gode resultat. 2 500 aspirantar har til no slutta lærekontrakt, og om lag 500 skip er godkjende for å ta del i denne opplæringa.

For alle dei vidaregåande skoleslaga under Kyrkje- og undervisningsdepartementet er det med utgangspunkt i forvaltningslova gjeve reglar for grunngjeving og klage ved eksamenar og prøver.

Reising av nye undervisningsbygg held fram. Om lag 550 000 m² skolebygg er no i arbeid.

Vaksenopplæring knytt til skoleverket har fått auka omfang. Dette gjeld særleg kurs som siktar på eksamen i 9-årig skole og i gymnas, men òg kurs som gjev yrkesutdanning, særleg i handelsfag.

Verksemda i opplysningsorganisasjonane er vidare utbygd. Satsane for statstilskott vart auka i 1972 for å stø opp under det viktige arbeidet som organisasjonane driv innanfor vaksenopplæringa.

Samarbeidet mellom Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Arbeidsdirektoratet held fram når det gjeld yrkesopplæring for vaksne som lekk i arbeidsmarknads- og selskapspolitikken. I skoleåret 1971-72 vart det under Kyrkje- og undervisningsdepartementet gjennomført om lag 700 kurs med om lag 9 000 deltakarar.

Sekretariatet for Vaksenopplæringsrådet og Brevskolerådet er styrkt med ein daglig leiar.

Studenttalet ved universitet og høgskolar, medrekna distriktshøgskolane, er i haust om lag 38 000. Talet på norske studentar i utlandet er no om lag 3 000. Studenttalet ved dei 6 distriktshøgskolane er mest dobla sidan hausten 1971. Høgre musikkutdanning er sett i gang på provisorisk basis i Oslo. Universite-

tet i Tromsø tok til med undervisning for første gong i haust med om lag 330 studentar. Universitetet i Trondheim aukar studenttalet ved Lærarhøgskolen frå om lag 1 900 til 2 300 ved å utvide kapasiteten i provisoriske lokale. Planleggingsarbeidet for den vidare utbygginga i Trondheim og Tromsø held fram. I Oslo er det nye bygget på 36 000 m² for biologiske fag teke i bruk. Universitetet i Bergen har fått ferdig sitt studentsenter med idretts-hall.

Ved opptak til universiteta er det i år innført nye retningsliner som gjer det lettare å komme inn for søkjarar utan examen artium. Opptaket til medisinarstudiet er auka med 40 studieplassar i Bergen.

Pr. 31. august hadde 1 209 694 løyst radiolisens og 930 902 fjernsynslisens; av desse gjaldt 9 950 farge-TV.

1. januar tok ei ny biblioteklov til å gjelde. Det er vedteke ny tilskottsordning for dei statsstødde teatra. Etter 4 års prøvedrift med rikskonsertverksemd av midlar frå Norsk kulturfond er Rikskonsertane no skipa som eigen statsinstitusjon.

I 1971 er det teke i bruk 19 samfunnshus, 4 idrettshallar, 40 symjehallar, og ei rad utan-dørs idrettsanlegg av ymse slag som har fått stønad av tippemidlane. Den delen av tippesoverskottet som fall på idretten for 1971, var 36 750 000 kroner. Det er 4,2 millionar meir enn året før.

Frå undervisningsåret 1972-73 er behovsprøva i relasjon til forsytarens økonomi oppheva ved lånetildeling i Statens lånekasse for utdanning for lånsøklarar frå og med fylte 20 år. Frå 1972 er det innført ei ordning med grunnstipend for ungdom frå og med fylte 20 år i vidaregåande utdanning. Ordninga kjem i staden for forsytarstønad.»

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!

Det 117. ordentlige Storting som Deres Majestet har åpnet, er det siste i denne valgperiode.

Trontalen bærer bud om at Stortinget vil få seg forelagt en betydelig sakmengde. I tillegg kommer 53 saker fra forrige Storting. Dette nødvendiggjør at det fra denne sesjonsbegynnelse vil bli krevd den største arbeidsmessige innsats av representantene.

Fred, stabilitet og avspenning landene imellom er av avgjørende betydning for vårt land, og de saker som vedrører disse forhold, vil alltid være gjenstand for den største oppmerksomhet fra Stortingets side. Saker av næringspolitisk og økonomisk karakter vil legge stort beslag på representantenes arbeid og interesse.

De saker trontalen omhandler, vil bli av den største betydning for den enkelte borger i vårt land. De spenner over vide områder. De vil kreve omhyggelige vurderinger og avveininger og stille store krav til representantenes evne og vilje til samarbeid.

Selv om oppfatninger og standpunkter kan avvike, er det samtlige representanters felles mål å skape fremgang og lykke for vårt folk.

Stortingets gjerning er ansvarsfull. Folkets representanter deler det håp som Deres Majestet uttalte – at denne gjerning må bli til gagn for fedrelandet.

I forvisning om at Stortinget og hver enkelt representant vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange og store oppgaver som ligger foran oss, samles vi i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Dette ønske ble istemt av Stortingets øvrige medlemmer.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter Stortinget, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte. – Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.30.

Møte fredag den 6. oktober kl. 10.

President: Granli.

Dagsorden (nr. 1):

Finansministerens redegjørelse for statsbudsjettet.

Minnetale over tidligere stortingsrepresentanter Jens Irgens Odberg, Knut J. Vik, Ivar Aarseth, Jørgen Vogt, Terje Wold, Gunvald Engelstad, Carl Bonnevie og tidligere fiskeriminister Oddmund Myklebust.

Presidenten: Ærede medrepresentanter!

Siden Stortinget sist var samlet, har vi fått melding om at følgende tidligere stortingsrepresentanter er avgått ved døden: høyesterettsadvokat Jens Irgens Odberg, gruvearbeider Knut J. Vik, kontrollør Ivar Aarseth, redaktør Jørgen Vogt, høyesterettsjustitiarius Terje Wold, smed Gunvald Engelstad og lag-

mann Carl Bonnevie samt tidligere fiskeriminister, skipper Oddmund Myklebust.

Irgens Odberg var representant til Stortinget for Vestfold fylke, valgt av Høyre, i tiden 1937-45. På Stortinget var han medlem av kommunalkomiteen og formann i finanskomiteen.

Knut Vik var representant til Stortinget for Hordaland fylke 1950-53, valgt av Det norske Arbeiderparti, og møtte som valgt representant for samme fylke i periodene 1954-61. På Stortinget var han medlem av protokollkomiteen.

Kontrollør Ivar Aarseth kom med i rikspolitikkens da han i 1925 ble valgt til representant for Det norske Arbeiderparti fra kjøpstedene i Sør- og Nord-Trøndelag fylker. Han ble gjenvalgt i alle perioder, bortsett fra én, inntil 1945. På Stortinget var det særlig kommunalpolitikken Aarseth ble satt til å arbeide med, og han var i den siste perioden formann i kommunalkomiteen.

Redaktør Jørgen Vogt ble valgt til representant for Norges Kommunistiske Parti fra kjøpstedene i Sør- og Nord-Trøndelag fylker i perioden 1945/46-49. På Stortinget var han medlem av kommunalkomiteen og var sekretær for NKP's stortingsgruppe – et verv han også hadde i perioden 1954-61. Vogt var sekretær for valgordningskommisjonen av 1968.

Høyesterettsjustitiarius Terje Wold trådte i 1939 inn i Nygaardsvolds regjering som justisminister – et embete han også hadde i London-regjeringen. Etter krigen ble Terje Wold valgt til stortingsrepresentant for Det norske Arbeiderparti fra Finnmark fylket for den første perioden. På Stortinget var han formann i utenrikskomiteen. I 1945 ble Terje Wold høyesterettsdommer, og fra 1958 administrerte han Høyesterett som justitiarius, til han fratrådte i 1969. Både som representant og som høyesterettsdommer var Terje Wold meget benyttet og anerkjent i internasjonale juridiske komiteer og råd, og han var i en årrekke utsending til FN's generalforsamling og til Europarådet. For sin innsats i samfunnets tjeneste ble han i 1959 utnevnt til kommandør av St. Olavs Orden.

Gunvald Engelstad var Arbeiderpartiets vararepresentant til Stortinget for Nord-Trøndelag fylke 1937-45 og var valgt representant for samme fylke i 20 år fra 1945/46. Han var medlem av finanskomiteen og de siste fire perioder av skog-, vassdrags- og industrikomiteen.

Carl Bonnevie ble to ganger valgt til stortingsrepresentant. Første gang representerte han Det norske Arbeiderparti for Bodø og Narvik 1913-15, andre gang Nordland fylke 1934-36. I begge perioder var han medlem av